

NAMN:
KLASSE:LÅG MIDDELS HØG HÅNDVERK PROSESS KOMMUNIKASJON KULTUR

Du skal **finne ein gjenstand** eller **fleire gjenstandar heime** som er **i uorden/i stykke/øydelt** (dette kan vere ei bukse med hol/rakna søm, ein vaklevoren stol, eit punktert sykkeldekk, ein øydelt glidelås, ein holete ullgenser/sokk, berre for å nemne nokre moglegheiter).

Du skal **reparere gjenstanden og gjere han slik at den kan brukast vidare** så lenge som mogleg. **Under heile prosessen**, skal du **ta bilde og vise kva du gjer**, du skal **øg skrive/vise kva materiale du bruker og si kva reiskap/verktøy du bruker** for å utføre jobben.

Alle **val av framgangsmåte og val av materiale/verktøy/reiskap** skal **grunngivast** (ta bilde før, undervegs og etter i prosessen). Set av **2 økter** til dette arbeidet.

MÅL FOR ARBEIDET

- utforske moglegheiter innanfor handverksteknikkar og teknologi ved å omarbeide og sammenføye harde, plastiske og mjuke materiale
- vurdere materialet sin holdbarheit og moglegheiter for reparasjon og gjenbruk, og bruke ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte



1. økt

- **A. Finn ein gjenstand** som er øydelagt, tenk på kva du kan gjere for å gjere den bruksvennleg igjen, skriv kvifor du meiner at denne er verd å reparere (bruk gjerne argument som kva verdi denne har for deg eller andre, kva du sparer i pengar om du slepp å kjøpe nytt, og korleis du sparer miljøet ved å reparere og ikkje kaste/kjøpe nytt). Husk å legge inn bilde av gjenstanden før du startar å gjere noko med den.




EIGNE NOTAT HER



- **B. Finn ut kva du kan gjere for å reparere han** (bruk t.d. internett; artiklar/videoar, bøker, snakk med nokre vaksne som kan gi råd...).


EIGNE NOTAT HER



- **C. Finn fram det du treng av verktøy/materiale/reiskap** til å utføre jobben. Ta bilde, skriv kvifor du bruker akkurat desse reiskapa eller reparasjonsmateriala.




EIGNE NOTAT HER



→ **D. Start på arbeidet** med å reparere gjenstanden, ta mange bilde undervegs. Du kan skrive kva du gjer etter kvart, eller skrive ved sidan av bilda kva du gjer og kvifor etter at du har lagt inn bilda. Du skal òg beskrive utfordringar/problem du møte undervegs i prosessen.


EIGNE NOTAT HER



2. økt

- **E. Hald fram** med arbeidet frå punkt **D**.

EIGNE NOTAT HER



- **F. Avslutt oppgåva** med eit bilde av gjenstanden etter at den er ferdig reparert. Egenvurdering blir skrive til slutt: Kva du har lært eller fått vist at du kan i denne oppgåva, og dessutan tankar du har om denne typen oppgåve (likte du det, er det nyttig, noko som var vanskeleg/utfordrande....).

EIGENVURDERING

